


Statens medieforvaltning



Årsmelding 2001

9
301.2
STATENS
MEDIE-
FORVALTNING
2001



Framsida og vignettar: Ragnar «Joker» Pedersen
Layout, sats og trykk: Melsom Grafisk AS, 1658 TORP
Opplag: 600 eksemplar



INNHALD

	Side:
<i>Eit travelt år</i>	5
<i>Oppgåver</i>	7
<i>Administrasjon</i>	7
<i>Kringkasting</i>	10
– Regelverket	10
– Lokalradio	10
– Lokalfjernsyn	12
– Digital kringkasting	13
– Årsmelding for lokalkringkasting	13
– Økonomien i lokalkringkastinga	14
– Støtteordninga for lokalkringkasting	16
– Korttidskonsesjonar	16
– Tilsyn med kringkasting	16
– Vidaresending i kabelnett	18
– Vidaresending via private omformarar	18
– Allmennkringkastingsrådet	19
– Internasjonale møte	20
– Europeisk programdel i fjernsyn	21
– Eigarskap i lokalkringkasting	22
<i>Presse</i>	22
– Produksjonstilskot til dagsaviser	23
– Økonomien i dagspressa	25
– Råd og utval	28
<i>Vedlegg</i>	
1. Styre, råd og utval	29
2. Konsesjonærliste - lokalfjernsyn	31
3. Konsesjonærliste - lokalradio	32
4. Produksjonstilskot til dagsaviser	40

N12<101024534705

NRK
BIBLIOTEKET

3

98646


EIT TRAVELT ÅR



Året 2001 vart travelt for Statens medieforvaltning. På hausten kom Stortingsmelding nr. 57, «I ytringsfrihetens tjeneste», som gjekk grundig gjennom rammevilkåra for pressa og måla og verkemidla i mediepolitikken. Statens medieforvaltning fekk støtte i sitt syn på at produksjonstilskotet må fordelast på ein slik måte at vi i minst mogleg grad må byggje på skjønn. Dette er eit viktig prinsipp for å sikre likebehandling og for å sikre legitimiteten til tilskotsordninga.

Gjennom budsjettbehandlinga hausten 2001 vart det vedteke å oppheve regelverket om tvungen stillingsannonsering i dagspressa.

Samstundes vart ramma for produksjonstilskotet auka monaleg, først og fremst for å kunne kompensere for bortfallet av inntekter for utsette aviser i 2002. I hovudsak gjeld dette avisene i Oslo og Bergen i tillegg til dei sju andre byane med nr. 2-aviser. Saman med bransjeorganisasjonane la Statens medieforvaltning ned eit stort arbeid i 2001 for å kome fram til ein modell for korleis ein skal fordele kompensasjonsbeløpet, og det vart særleg lagt vekt på å byggje modellen på objektive kriterium.



Året var også sterkt prega av arbeidet med å tildele konsesjonar, både til lokalradio og lokal-fjernsyn. Vi behandla 455 søknader om konsesjon til lokalradioar for fem nye år gjeldande frå 1. januar 2002. I alt vart 287 konsesjonar godkjende, ein auke på 13 lokalradiokonsesjonar samanlikna med utgangen av førre året. På hausten byrja vi også å behandle konsesjonane til lokalfjernsyn. Dei fleste av dei 27 eksisterande konsesjonshavarane søkte for ein ny sjuårsperiode med verknad frå 1. januar 2003. Berre fire søkjarar var nye.

Gjennom prosessen med å betre og gjennomføre den nye konsesjonsrunden takkar vi for eit godt samarbeid med Norsk lokalradioforbund, Norsk Forbund for Lokal-tv og Post- og teletilsynet.



Ei utfordrande og sentral oppgåve i fjor var arbeidet med å opprette eit digitalt fjernsynsnett. I samarbeid med Post- og teletilsynet utarbeidde vi eit forslag til vilkår og kunngjering av eit riksdekkjande digitalt bakkenett for fjernsyn (DTT). I Stortingsmelding nr. 57 fekk vi i all hovudsak støtte for våre forslag. Nettet blir førebels bygt ut med ein kapasitet på tre multiplek-sar, som tilsvarar frå 15-18 fjernsynskanalar. Vi er svært nøgde med at departementet vil leggje vekt på å ta vare på interessene til lokalfjernsynet så langt det er praktisk mogleg i det komande nettet.

Ei anna viktig oppgåve for oss er tilsynet vi har med regelverket om reklame og sponning i kringkasting. Tilsynet resulterte i at 16 saker vart behandla i 2001. Desse handla om mellom anna plassering av sponsorpresentasjonar, reklameinnslag i sendingar, innhaldet i sponsorpre-sentasjonar, innhald i reklame og så vidare. Både riksdekkjande fjernsyn, lokalfjernsyn, lokalradio og riksdekkjande radio var involvert. Vi gav NRK 1 det største regelbrottsgebyret nokosinne på 500 000 kroner fordi kanalen kom med salsfremjande opplysningar i programmet «Fakta på lørdag».

Ringen var slutta då Audiovisuelt produksjonsfond vart avvikla i 2001 og vi igjen fekk oppgåvene med støtte til lokalkringkastingsføremål. Dette er ei utfordring vi gjerne tek tak i, og vi legg vekt på å føre ordninga vidare slik ho har vore praktisert tidlegare år i Audiovisuelt pro-duksjonsfond.

Sølvi Ellingsen
fungerande direktør

OPPGÅVER


Dei sentrale oppgåvene til Statens medieforvaltning er å:

- tildele konsesjon til å etablere og drive kringkasting og lokalkringkasting,
- føre tilsyn med at lokalkringkastingsverksemda blir driven etter føresetnadene,
- føre tilsyn med at det ikkje oppstår eigarkonsentrasjonar i strid med regelverket,
- føre tilsyn med og sjå til at kringkastingselskapa held seg til regelverket om reklame og sponning,
- forvalte ordninga med tilskot til lokalkringkastingsføremål,
- administrere pressestøtta i samsvar med gjeldande regelverk,
- forvalte forskingsmidlar knytte til presse, film og kringkasting,
- gje råd til og greie ut spørsmål som gjeld medieområdet for Kulturdepartementet

ADMINISTRASJON

Verksemda sysselsette 13 personar ved utgangen av 2001. Statens medieforvaltning er organisert i to avdelingar: Presse- og administrasjonsavdelinga og Kringkastingsavdelinga.

I tillegg til å ha ansvaret for dei interne administrative funksjonane til verksemda behandlar Presse- og administrasjonsavdelinga søknader om pressestøtte og søknader om tilskot til bruksetta medieforskning.



Kringkastingsavdelinga behandlar søknader om konsesjon til lokalkringkasting, satellittkringkasting og vidaresending av kringkasting. Avdelinga fører også tilsyn med reglane om reklame og sponning i regelverket om kringkasting. I tillegg behandlar avdelinga søknader om tilskot til lokalkringkastingsføremål.

Driftsbudsjettet utgjorde 10,35 millionar kroner i 2001. 5,5 millionar kroner av budsjettet gjekk med til å dekkje løn og godtgjersler. I tillegg administrerte verksemda løyvingane til pressestøtta på 239,7 millionar kroner.

Statens medieforvaltning heldt også i 2001 nær kontakt med ulike organisasjonar på presse og kringkastingsområdet. Mellom anna deltok verksemda på årsmøta til presse- og kringkastingsorganisasjonane. I tillegg deltok vi på ulike konferansar innanfor medieområdet.

Statens medieforvaltning, Mediebedriftenes Landsforening og Landslaget for lokalaviser etablerte i 2001 selskapet Norsk Opplagskontroll AS. Partane har lik eigardel i selskapet, som frå 2002 er ansvarleg for å revidere opplagstala for avisene.

Statens medieforvaltning var sekretariat for følgjande råd og utval i 2001:

- Kontaktutvalet mellom dagspressa og staten
- Rådet for bruksretta medieforskning
- Støtteutvalet for dagsavisene
- Støtteutvalet for innvandrapublikasjonar
- Allmennkringkastingsrådet
- Fagutvalet for lokalkringkasting (frå 1. september 2001)


Verksemda stilte også i 2001 sekretær til disposisjon for styret i Stiftelsen Klar Tale.

Nærare opplysningar om verksemda vår og oppgåvene våre finst på internettsidene våre: www.smf.no.

ORGANISASJONSKART

per 31.12.2001

Statens medieforvaltning




KRINGKASTING

Regelverket

Ansvar og oppgaver på kringkastingsfeltet er knytte til følgjande lover og forskrifter:

- Lov om kringkasting av 4. desember 1992.
- Forskrift om kringkasting, fastsett ved kongeleg resolusjon 28. februar 1997.
- Forskrift om konsesjonsområder for lokal-fjernsyn, fastsett ved kongeleg resolusjon 25. august 1995.
- Forskrift om lokalfjernsyn på NRK2s bakkesendere, fastsett ved kongeleg resolusjon 22. november 1996.
- Retningslinjer for samsendinger i lokalradio, fastsett av Statens medieforvaltning 2. september 1998.
- Forskrift om konsesjonsområder for lokalradio, fastsett av Statens medieforvaltning 10. oktober 2000.
- Forskrift for tilskudd til lokalkringkastingsformål av 7. september 2001.
- Forskrift om fjernsynsmottakere § 5 (frilicens).



Lokalradio

Talet på lokalradiokonsesjonshavarar vart redusert frå 274 til 260 i 2001. Bortfallet skuldast konkursar og at konsesjonshavarar vart sletta fordi drifta var innstilt.




Søknader om lokalradiokonsesjon

Statens medieforvaltning har behandla 455 søknader om konsesjon til lokalradio for perioden 01.01.2002 til 31.12.2006. 275 søkjarar fekk konsesjon, og 180 søknader vart avslått. Kulturdepartementet omgjorde i desember 2001 tolv av avslaga.

Samsendingar

Mange lokalradioar nyttar seg av det alminnelege høvet til å samsende. Samsendingar er samtidig kringkasting av felles lokalprodusert programmateriale. Høvet gjeld for inntil tre lokalradioar i nabo område, og samsendingane kan utgjere inntil 25 prosent av den daglege sendetida for kvar radiostasjon.

Radioar i område med avgrensa høve for eigenproduksjon kan etter søknad få løyve til utvida samsendingstid. I 2001 er fleire av dei tidlegare løyva til å samsende meir enn 25 prosent av den daglege sendetida førte vidare. Konsesjonshavarane har sagt at dei har positive erfaringar med samsendingar så langt.



Vidaresending i lokalradio

I tillegg til samsending har lokalradioane høve til å bruke inntil 25 prosent av den daglege sendetida si til å vidaresende program frå eksterne leverandørar. Mange lokalradioar nyttar seg av høvet til vidaresending. Særleg gjeld dette for nyhendesendingar frå sentrale leverandørar. I den tida ordninga har eksistert, har Statens medieforvaltning ikkje fått søknader om å få bruke meir enn 25 prosent av den daglege sendetida til vidaresending.

Sendarnett for lokalradio

Sendarnett i dei enkelte konsesjonsområda er konsesjonspliktige. Konsesjonsordninga gjeld for å opprette og bruke sendarnettet til kringkastingsføremål, og omfattar også teknisk godkjenning frå Post- og teletilsynet. Den som har konsesjon til sendarnett, skal sjå til at sendarnettet er tilgjengeleg for konsesjonshavarar i området, og at det blir brukt etter dei føresetnadene som gjeld.

Statens medieforvaltning har kunngjort frist for å søkje om sendarnettkonsesjonar for perioden 2002–2006, og fleire søknader er behandla ferdig. For somme område er det ikkje kome inn søknad, og medieforvaltninga har derfor purra konsesjonshavarane i desse områda. Somme av dei sakene som står att, er knytte til at Post- og teletilsynet må behandle tekniske spørsmål, og i andre tilfelle er behandlinga ikkje avslutta på grunn av klagesaker knytte til konsesjon for lokalradiodrift.

Elleve område har meir enn eitt sendarnett for lokalradio. Vilåret for talet på sendarnett er dei gjeldande frekvensplanane for lokalradio og korleis Post- og teletilsynet praktisk har tilpassa frekvensbruken for å oppfylle formålet om best mogleg dekning for lokalradio i kvart lokalradioområde. I følgjande lokalradioområde er det fleire enn eitt sendarnett:

- Sarpsborg og Råde (1 sendarnett)
- Oslo (6 sendarnett)
- Aurskog-Høland, Sørumsand, Fet, Rælingen, Enebakk, Lørenskog, Skedsmo, Nittedal og Gjedrum (1 sendarnett)
- Lier, Nedre Eiker og Drammen (2 sendarnett)
- Kristiansand (2 sendarnett)
- Vindafjord, Tysvær, Haugesund, Karmøy, Bokn, Utsira, Sveio, Etne og Ølen (1 sendarnett)

Økonomien i lokalkringkastinga


Årsmeldingane frå dei lokale kringkastarane viser at både lokalradio og lokalfjernsyn framleis går med store underskot. Lokalkringkastingsbransjen hadde i 2001 eit samla underskot på 92 millionar kroner. Samanlikna med året før er dette ei forverring på om lag 32 millionar kroner. I 2000 hadde lokalradiobransjen for første gong eit overskot på nærare to millionar kroner, mens det i 2001 er eit underskot på over 28 millionar kroner. Lokalfjernsynsbransjen viser berre ei lita forverring i underskotet samanlikna med 2000.

Av 259 lokalradiokonsesjonærar i 2001 er det 225 som har levert årsmelding. Det er 24 som har konsesjon for allment bakkesendt fjernsyn, og alle desse har levert årsmelding.

Lokalradio

Omsetninga i lokalradiobransjen vart redusert frå 253 millionar kroner i 2000 til 242 millionar kroner i 2001. Samstundes har kostnadene auka frå 252 millionar kroner i 2000 til 270 millionar kroner i 2001. Samla sett gav dette eit driftsunderskot på 28 millionar kroner for 2001. Dermed har den positive utviklinga med eit stadig forbetra driftsresultat sidan 1997 vorte ettertrykkeleg brote. Dette er det største samla driftsunderskotet som er registrert på dei åra konsesjonærane har plikta å levere årsmelding. Til dette er å merkje at to kommersielle stasjonar i Oslo-området til saman har over 20 millionar i negativt driftsresultat. 58 prosent av lokalradioane gjekk med overskot i 2001 mot 62 prosent i 2000.

Inntektene fordelte seg slik i 2001:




Løn og sosiale kostnader utgjorde 38 prosent av dei samla driftskostnadene i 2001 mot 35 prosent i 2000. Sendekostnader utgjorde ti prosent i 2001 mot elleve prosent i 2000.

I fjor auka talet på sysselsette, fordelt på heil- og deltidstilsette, etter å ha vist ein jamn nedgang frå 1997 til 1999. I år viser dei innsende årsmeldingane at talet på tilsette er redusert igjen - frå 471 i 2000 til 433 i 2001. Lønnskostnadene har auka med 13 millionar frå 2000 til 2001. 3712 frivillige arbeidde i lokalradiobransjen i 2001 mot 4382 i 2000.


Lokalradioane hadde tilsaman over 614 000 sendetimar i 2001. Meir enn 519 000 av desse timane utgjorde lokale eller eigenproduserte program. I 2001 har totalt 58 radioar hatt sendingar for språklege og etniske minoritetar. Det er sendt på til saman 20 språk. Storparten av sendingane til språklege og etniske minoritetar har vore på spansk, samisk, engelsk, urdu og tamilsk.

Lokalfjernsyn

Lokalfjernsynsbransjen hadde ein auke i omsetninga frå 194 millionar kroner i 2000 til 212 millionar i 2001. Men samstundes har kostnadene auka òg, frå 256 millionar kroner i 2000 til 276 millionar kroner i 2001. Dette gav eit samla driftsunderskot på 64 millionar kroner for 2001, noko som er ei forverring på to millionar kroner frå 2000. 39 prosent av lokalfjernsynsselskapa gjekk med overskot i 2001 mot 33 prosent i 2000.



Inntektene for lokalfjernsyn fordelte seg slik i 2001:



Løn og sosiale kostnader utgjorde 43 prosent av dei samla driftskostnadene i 2000 mot 38 prosent i 2001. Sendekostnader utgjorde tolv prosent av kostnadene mot 28 prosent i 2000.

Talet på sysselsette fordelt på heil- og deltidstilsette var 315 i 2001 mot 273 i 2000.

Lokalfjernsynsselskapa sende i 2001 til saman over 144 000 timar. Om lag 12 000 av desse vart brukte til å sende lokalproduserte program og nyhende.

Vidaresending i kabelnett

Lov og forskrift om kringkasting inneheld egne kapittel om vidaresending av kringkasting i kabelnett. Reguleringa på både tele- og kringkastingssida omfattar fleire spørsmål om vidare-sending. Statens medieforvaltning samarbeider med Post- og teletilsynet i saker knytte til tele-teknologiske føresetnader for vidaresending i kabelnett.

Formidlingsplikt i kabelnett

Alle kabelnett med meir enn 100 abonnentar eller 25 bygningar har plikt til å vidarese sende-gane frå NRK, norsk TV2 og allment bakkesendt lokalfjernsyn. Plikta gjeld ikkje for lokalt organisasjons- og livssyns-TV som blir send i ledig sendetid på NRK2s bakkesendarar. Statens medieforvaltning har fått fleire spørsmål om formidlingsplikt også i 2001.

Digital vidaresending i kabelnett

Digitaliseringa av kabelnett har utvikla seg vidare i 2001, og fleire operatørselskap har teke i bruk denne distribusjonsplattforma. Digital overføring fører til at ein kan auke kapasiteten for kringkasting og andre tenester i netta mykje, og det fører til at abonnentane må ha ein digital dekodar som ein del av mottakarutstyret sitt. Statens medieforvaltning har registrert at i desse netta må sendingar frå kringkastarar som ikkje sender digitalt, særleg allment bakkesendt lokal-fjernsyn, søkjast inn utanfor den digitale dekodaren hos abonnentane.

Abonnentval i kabelnett

Statens medieforvaltning behandlar tvistar som gjeld formidling av kringkasting i kabelnett. Det gjeld til dømes saker der programønske frå monalege mindretalsgrupper blant abonnentane blir underkjende av fleirtalet. Avgjerdene som Medieforvaltninga tek, er endelege. Behandlinga omfattar ikkje einskildabonnentar og individuelle ønske. Mange spørsmål har dreidd seg om konkret informasjon om programval, formidlingsvilkår, grunngevingar for programsamanset-ning, avtalar og prisspørsmål, tekniske problemstillingar osv. Dette er spørsmål som ein føreset at kabelselskapa sjølve gjev abonnentane sine nok informasjon om.

Vidaresending via private omformarar

Konsesjonsordninga gjeld oppretting eller drift av anlegg for å vidarese NRK, norsk TV2, Radio P4 Hele Norge, lokalkringkasting og allmennfjernsynskanalane i dei nordiske landa. I område som ligg i satellittskugge, kan ein også gje konsesjon til å vidareformidle satellittfjernsyn. Det er kome inn 15 søknader, av desse gjeld ni søknader digital vidaresending. Fire søk-nader er godkjende, alle for digitale anlegg. Konsesjonane varer til 01.01.2005. Ved årsskiftet var det totalt 50 konsesjonar av denne typen.

Digital vidaresending gjev eit monaleg potensial for å auke talet på kanalar per frekvens. Slik blir det også mogleg å utnytte frekvensane til desse omformaranlegga mykje betre.


Allmennkringkastingsrådet

Allmennkringkastingsrådet er eit rådgjevande organ for Kulturdepartementet. Rådet vurderer om programverksemda i NRK, TV2 og P4 samsvarer med prinsippa for allmennkringkasting. Rådet har sju medlemmer, og Statens medieforvaltning er sekretariat.

Evalueringa av programtilbodet i allmennkringkastarane i 2000 vart presentert i ein rapport som vart lagd fram i mai 2001. I rapporten vart det samla norske allmennkringkastingstilbodet framleis vurdert som i hovudsak godt. Rådet trekkjer likevel fram ein del forhold som det meiner ikkje er tilfredsstillande.

For radiotilbodet i NRK hadde Rådet mellom anna følgjande merknader: P1 styrkte den klare profilen sin som ein svært allmenn kanal med nyhende, lett musikk og underhaldning i fokus. P1 manglar framleis barneprogram, og kanalen tilbyr ikkje sendingar på minoritetsspråk over riksnettet.

I 1999 auka musikkdelen i P2 frå 29 til 45 prosent. I 2000 auka delen ytterlegare. Rådet fann på nytt grunn til å etterlyse ei større breidd i den kulturelle merksemda. Rådet understreka også at kanalen har ein svært låg nynorsksdel.



I Petre er den sjangermessige fordelinga rimeleg god, og kanalen er utan tvil med på å utvikle ein norsk ungdomsidentitet. Rådet meiner likevel at ein kanal som Petre i større grad må ta på seg eit ansvar for å gjere minoritetsperspektiv synlege og sikre personar med minoritetsbakgrunn representasjon i kanalen.

For P4 registrerte rådet ei markert haldningsendring til dei pliktene kanalen har som allmennkringkastar. Rådet registrerte likevel marginale endringar når det gjeld fordelinga mellom verbalinnslag og musikk, jinglar, reklame og programinformasjon. Rådet meinte framleis at delen av verbalinnslag er svært låg i kanalen. Nyhendedekninga vart omtalt som god, mens kulturdekninga kan bli breiare og djupare.

Oslo byrett kunngjorde ein dom 31. mai 2001 om korleis P4 brukar premiar. Byretten konkluderte med at det er reklameeffekten som motiverer annonsørane i P4 til å stille premiar til disposisjon for konkurranse.

Rådet meinte at dette er i strid med kravet til allmennkringkastarane om redaksjonelt sjølvstende og representerer eit alvorleg brot med rådande medieetiske ideal.

Tilbodet i NRK1 vart i hovudsak vurdert som svært tilfredsstillande, men Rådet gjentok påpeikinga om at ein større del av programma bør gjerast tilgjengelege for høyrslheemma.

Rådet var likevel kritisk til at spelefilmar med få unntak blir sende i NRK2. Rådet meinte generelt at NRK må vere særleg varsam med utstrekt programmessig deling mellom dei to fjernsynskanalane så lenge dekningsgraden for NRK2 er låg i store delar av landet.

For NRK2 peikte rådet på at tilbodet til barn og unge i kanalen er sterkt redusert. Program om religion og livsfilosofi hadde eit avgrensa omfang, mens delen av samfunnsprogram igjen er på eit solid nivå.

Om TV2 hadde rådet som merknad at dramadelen på rundt 50 prosent er så stor at den må avgrense rommet for andre sjangrar. Det vart vidare peikt på at stoffområda kunst og kultur, vitenskap og forskning, religion og livsfilosofi er dårlegare dekte enn ønskjeleg ut frå allmennkringkastingsoppdraget. Tilbodet til barn er styrkt i 2000. Rådet påpeikte igjen at tilbodet til dei høyrslheemma er for dårleg.


Rådet har gjeve høyringssvar om «Endringer i forskrift av 28. februar 1997 om kringkasting som følge av endringer i EØS-avtalens TV-direktiv» og «Spørsmål om utvidet forbud mot rasistiske ytringer og forbud mot rasistiske organisasjoner». Begge høyringssvara er gjevne att fullt ut i rapporten frå Rådet for 2000.

Internasjonale møte

EPRA

Som medlem i EPRA (European Platform of Regulatory Authorities) tok vi del på dei to møta i 2001. Dei vart haldne i Barcelona og på Malta. 34 land er no med i organisasjonen.

På møtet i Barcelona var hovudtema korleis direktivet regulerer viktige hendingar og konsesjonering av lokalkringkasting. På møtet på Malta var hovudtema vern av mindreårige og tilgang til ulike distribusjonsplattformer for fjernsyn (kabel, satellitt med meir).



Nordisk møte om radio- og fjernsynsspørsmål

Møta blir haldne årleg og samlar dei nordiske forvaltningsorgana på kringkastingsområdet. I 2001 blei det nordiske møtet halde i Stockholm. Formålet ved møta er å utveksle kunnskap og erfaringar fra kringkastingsområdet mellom styresmakter i dei nordiske landa.

Hovudtema for møtet i 2001 var mediepolitiske spørsmål, gjennomgang av status for lokalradio, utvikling og jurisdiksjon med omsyn til digitalt bakkesendt fjernsyn, kommersialiseringa av lokalkringkasting og kva ansvar forvaltinga har i forhold til nye medietypar som radio og TV send på Internett.

Revisjon av fjernsynsdirektivet

Direktivet om fjernsyn over landegrensene har i artikkel 25a reglar om at det skal reviderast i 2002. I samband med dette arbeidet inviterte Kommisjonen til møte i Brussel i mai og juli. Vi tok del på desse møta, der tema var revisjon av reglane om europeisk programdel og regulering av nye reklameteknikkar.

Europeisk programdel i fjernsyn

Direktivet om fjernsyn over landegrensene er ein del av EØS-avtalen og inneheld krav om at stordelen av sendetida i fjernsynsselskapa skal setjast av til europeiske verk. Det er også eit krav om at minst ti prosent av sendetida skal setjast av til å sende europeiske program produserte av uavhengige produksjonsselskap. Reglane er gjevne for å fremje produksjonen av europeiske program.

For å oppfylle dei pliktene Noreg har etter direktivet er det gjeve nærare reglar i forskrift om kringkasting, kapittel 2. Den halvparten av sendetida i selskapa som ikkje er nyhende, sport, underholdningsprogram med konkurranseprege innslag, reklame eller tekstfjernsyn, skal setjast av til å sende europeiske verk. Lokalfjernsyn er unnateke desse reglane.

TVNorge ligg monaleg under kravet om minst 50 prosent europeisk programdel.

Statistikk for europeisk programdel skal rapporterast inn til Statens medieforvaltning kvart år. Tala for dei norske fjernsynsselskapa for åra frå 1997 til 2001 er slik:

Kanal	Europeisk programdel					Uavhengige produksjonar					Nye produksjonar				
	1997	1998	1999	2000	2001	1997	1998	1999	2000	2001	1997	1998	1999	2000	2001
NRK 1	77	80	76	85	84	11	11	11	12	18	85	81	89	90	87
NRK 2	62	69	66	62	66	9	8	9	16	32	67	46	75	85	86
NRK Int.	-	-	76	90	86	-	-	11	9	17	-	-	89	71	70
TV2	49	51	55	56	57	52	62	19	29	19	100	100	96	95	97
TVNorge	14	13	22	20	23	14	13	22	20	23	58	59	89	100	98
Metropol	-	-	53	48	39	-	-	53	48	39	-	-	86	90	81

Eigarskap i lokalkringkasting

14 saker om eigarskap i lokalradio er behandla i 2001. For lokalfjernsyn er talet fem. Samarbeid med Eigarskapstilsynet har vore naturleg i somme av sakene som er behandla. Statens medieforvaltning har ikkje godkjent søknader om full overføring av konsesjon mellom aktørar, og for konsesjonar som er gjevne til lag og foreiningar, har vi mellom anna lagt vekt på at eigartilknyttinga og siktemålet med konsesjonen i hovudsak skal haldast ved lag.


Dei eigarendringane som har vore aktuelle i lokalradio, avspeglar framleis ein viss tendens til eigarkonsentrasjon ved oppkjøp frå sentrale aktørar.

PRESSE

Regelverket

Statens medieforvaltning forvaltar følgjande forskrifter på presseområdet:

- Forskrift om produksjonstilskudd til dagsaviser av 7. november 1996
- Forskrift om tilskudd til innvandrerpublikasjoner av 7. november 1996
- Forskrift om tilskudd til samiske aviser av 17. mars 1997
- Forskrift om tilskudd til informasjonsvirksomhet i politiske partier av 8. februar 1999




Stortingsmelding om mediepolitikken

Kulturdepartementet la hausten 2001 fram stortingsmeldinga «I ytringsfrihetens tjeneste» om mål og verkemiddel i mediepolitikken. Meldinga bygde mellom anna på Dagspresseutvalets rapport om pressestøtta frå 2000 og høyringssvara til denne rapporten.

I meldinga vidareførte Kulturdepartementet momsfritaket som avisene har på abonnements- og laussalsinntekter. Vidare konkluderte departementet med at ein bør halde ved lag og auke produksjonstilskotet til dagsaviser. I meldinga foreslo departementet å halde ved lag prinsippa og innretninga for å tildele produksjonstilskotet inntil vidare.

Departementet gjekk dermed mot forslaget frå Dagspresseutvalet om å innføre ein meir skjønnsbasert støttemodell. Av same grunnen gjekk også Kulturdepartementet mot å innføre ei ordning med ekstraordinært produksjonstilskot. Departementet støtta likevel forslaget frå utvalet om å innføre ei ordning med tilskot til å etablere aviser.

Departementet gjekk vidare inn for å halde ved lag ordninga med tilskot etter dobbel sats for



nr. 1- og aleineaviser i Nord-Noreg. I tillegg foreslo departementet å føre vidare det særskilte distribusjonstilskotet til avisene i Finnmark.

Dagspresseutvalet foreslo å oppheve både utbytteforbodet og overskotsgrensa i dagens forskrift om produksjonstilskot. Departementet slutta seg ikkje til dette, men meinte at det bør opnast for at aviser skal kunne søkje Statens medieforvaltning om dispensasjon frå utbytteforbodet for ein bestemt periode.

I meldinga foreslo departementet å oppheve den plikta statsetatane har til å utlyse ledige stillingar i alle listeførte aviser på den staden der etaten ønskjer å annonsere. Departementet foreslo å kompensere for bortfallet av inntekter for aviser som får pressestøtte.

Departementet gjekk inn for å endre namnet på ordninga med tilskot til innvandrarpublikasjonar til «tilskot til publikasjonar for minoritetar». Departementet foreslo at ordninga også skal opne for tilskot til publikasjonar som retter seg mot nasjonale minoritetar, i tillegg til dagens tilskotsordning for innvandrarpublikasjonar. Ein foreslår å føre vidare tilskotsordninga for samiske aviser som ei særskild ordning.

Ut over dette gjekk departementet inn for å auke løyvingane til medieforsking og utdanning gjennom forslaget om å auke tilskotet til forskingsprogrammet ved Institutt for journalistikk og ved å foreslå å støtte prosjektet «Avis i skolen» i regi av Mediebedriftenes Landsforening.

Stortinget behandla meldinga våren 2002.

Produksjonstilskot til dagsaviser



Fordelinga av produksjonstilskotet skjer etter forskrift om produksjonstilskot til dagsaviser. Forskrifta fastset kriterium for å fordele støtta til nr. 2-aviser med opplag under 80 000 eksemplar, og nr. 1- og aleineaviser med opplag under 6000 eksemplar. Riksdekkjande meningsberande aviser som har rett til tilskot, får eit særskilt ekstra tilskot. Tilskotet til nr. 2-aviser blir rekna ut etter opplag multiplisert med tal på utgjevingar i kalenderåret, og blir betalt ut etter ulike satsar. Nr. 1- og aleineaviser får eit fast tilskot etter kor mange gonger i veka dei kjem ut. Nr. 1- og aleineaviser i Nordland, Troms og Finnmark får støtte etter dobbel sats.

Løyvingane til produksjonstilskotet dei siste fem åra (i millionar):

1997	1998	1999	2000	2001
202,8	188,2	159,7	164,2	180


Produksjonstilskotet blei auka til 234,5 millionar kroner i statsbudsjettet for 2002. Auken skal primært kompensere for innteksttapet i avisene som følgje av at retningslinjene for statleg annonsering av ledige stillingar er endra.

Tilskotsfordelinga for 2001

129 aviser fekk 179,4 millionar kroner i produksjonstilskot for 2001. Produksjonstilskotet vart fordelt slik mellom dei ulike avisgruppene:

Avistype	Totalt	Nr. 2-aviser	Nr. 1- og aleineaviser	Vekeaviser
Støtte (i millionar)	179,4	145,2	22	12,2
Tal på aviser	129	25	55	49

Prosentvis ser fordelinga slik ut:




Lokalavisen Øyene, Enebakk Avis, Søgne og Songdalen Budstikke og Østerdølen fekk produksjonstilskot for første gong i 2001. Ingen aviser som fekk pressestøtte, vart lagde ned i 2001.

Økonomien i dagspressa

Statens medieforvaltning har også for 2001 gjennomført ei undersøkning av den økonomiske utviklinga i dagspressa. Årets undersøkning omfattar 90 prosent av avisene i landet. Det er hovudsakleg mindre lokalaviser som ikkje er med i undersøkinga for 2001.

Samla dagspresse


Tala syner at dei samla inntektene i dagspressa utgjorde 12,7 milliardar kroner i 2001, mot 12,3 milliardar kroner i 2000. Inntektene fordelte seg slik:



Etter samla utgifter på 11,6 milliardar kroner, utgjorde dagspressa sitt overskot i 2001 1,1 milliardar kroner. I 2000 var talet 1,3 milliardar kroner. Eigenkapitaldelen for den samla dagspressa auka med eitt prosentpoeng frå 2000 til 48 pst. i 2001.

Aviser som mottek pressestøtte

Aviser som får produksjonstilskot, hadde eit underskot på 158 millionar kroner før støtte i 2001, mot eit underskot før støtte på 174 millionar kroner i 2000. Etter støtte utgjorde overskotet 17 millionar kroner i 2001, mot eit underskot på 19 millionar kroner etter støtte i 2000. Aviser som får produksjonstilskot, hadde ein eigenkapitaldel på 41 pst. i 2001, mot 38 pst. i 2000.



Nøkkeltal for aviser som får produksjonstilskot


Avistype	Totalt	Riksspreidde meningsberande aviser	Andre nr. 2-aviser	Nr.1- og åleineaviser
Tal på aviser	122	5	21	96
Resultat før stønad	- 158 mill.	- 80 mill.	- 77 mill.	-1 mill.
Stønad	175 mill.	78 mill.	65 mill.	32 mill.
Resultat etter stønad	17 mill.	- 2 mill.	- 12 mill.	31 mill.
Driftsmargin før stønad	- 13,6 pst.	- 31 pst.	- 17 pst.	- 2 pst.
Eigenkapitaldel	41 pst.	27 pst.	37 pst.	49 pst.

Dei avisene som har krav på støtte, kan syne til eit noko betre resultat etter støtte i 2001 samanlikna med 2000. Andre nr. 2-aviser hadde eit underskot etter støtte på tolv millionar kroner i 2001, mot 21 millionar kroner i underskot etter støtte i 2000. Riksspreidde meningsberande aviser reduserte underskotet etter støtte frå 14 millionar kroner i 2000 til to millionar kroner i underskot etter støtte i 2001.

Dei nr. 1- og aleineavisene som har krav på pressestøtte, auka overskotet etter støtte frå 16 millionar kroner i 2000 til 31 millionar kroner i 2001. Det er hovudsakleg nr. 1- og aleineaviser med opplag over 4000 eksemplar som kan vise til større overskot etter støtte i 2001. Vidare var eigenkapitaldelen til desse avisene på 54 pst. i 2001. Dei andre nr. 1- og aleineavisene, hovudsakleg vekeaviser, driv etter støtte med resultat kring null. Desse avisene hadde ein eigenkapitaldel på 37 pst. i 2001.

Etterutdanning og bruksretta medieforsking

Løyvingane omfattar etterutdanningsverksemda til namngjevne institusjonar. I 2001 fekk både Landslaget for lokalaviser og prosjektet «Kvinner i ledelse» i regi av Mediebedriftenes landsforening løyvingar på 458 000 kroner.



Kunnskapsbasen MedieNorge i Bergen fekk 920 000 kroner medrekna ekstramidlar på 50 000 kroner. Kunnskapsbasen registrerer data som gjer det mogleg å samanlikne dei ulike media når det gjeld organisasjon, struktur, økonomi, innhald og konsum.

Mediebarometeret, ei mediebruksundersøking utført av Statistisk sentralbyrå, fekk ei løyving på 450 000 kroner. Mediebarometeret fekk også ei ekstraløyving på 100 000 kroner.

Institutt for journalistikk fekk 7 582 000 kroner. I tillegg vart det løyvd 2,9 millionar kroner til forskingsprosjektet knytt til presse, film og kringkasting.

Samiske aviser

Støtta består av eit grunntilskot og eit driftstilskot til samiskspråklege aviser. Avisene Sagat, Min Aigi og Saami Avissa Assu fekk eit grunntilskot på til saman 6,67 millionar kroner. Dei tre avisene fekk eit driftstilskot på til saman 3,1 millionar kroner. Nourttanaste fekk eit øyremerkt tilskot på 250 000 kroner. Støtta til dei samiske avisene auka med to millionar kroner frå 2000 til 2001.

Visse publikasjonar

I alt vart 35,5 millionar kroner løyvde til visse publikasjonar i 2001. Dei politiske partia fekk 13,4 millionar kroner til informasjonsverksemd. Tilskotet vart rekna ut frå kor mange stemmer partia fekk ved siste stortingsvalet.

